



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 14.05.2020  
**Møtestad:** Teams-møte - evt. kantina kommunehuset  
**Møtetid:** 13:30 - 14:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Marita Bru	BIA	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Peter Kubon, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

---

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær



## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
047/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
048/20	Godkjenning av møteprotokoll
049/20	Orienteringssak
050/20	Oppdatering av forskrift - vedtak i samband med Covid-19

## **047/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **14.05.2020 KOMMUNESTYRET**

Møtet starta med eitt minutt stillheit til minne om kommunestyrerepresentant Atle Utkilen, som nyleg hadde gått bort.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om at han lagar eit utkast til minneord til minne om Utkilen, og deler med dei andre representantane for innspel.

Lerøy sa vidare at kommunen burde ta fatt i det siste framlegget Utkilen hadde, som var trafikkisikring i krysset der gangvegen frå idrettshallen kjem inn på kommunevegen til Vikane. Utkilen hadde bedt om at det vart sett opp bom på gangvegen for å unngå farlege situasjonar. Rådmann Liv Løvvik svarta at dette skal administrasjonen ta tak i straks.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at ho støtta tiltaket som eit godt trafikkisikringstiltak.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Innkalling og sakliste er godkjent

## **KS - 047/20 - 14.05.2020 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **048/20: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **14.05.2020 KOMMUNESTYRET**

Til dette møtet låg det føre to protokollar.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

## **KS - 048/20 - 14.05.2020 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

### **049/20: Orienteringssak**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **14.05.2020 KOMMUNESTYRET**

Rådmann Liv Løvvik orienterte om Korona-situasjonen.

- Det er ikkje noko nytt med sjølve smittesituasjonen.
- Det er avtala mellom kommunen og tillitsvalde, både i helseeininga og elles, at det er forbod mot utlandsreiser. Dette står framleis, Austrheim er sårbar på bemanning i den ferietida ein no går inn i.
- Jobbar med å skaffa vikarar til reinhald, og ser på om det er tilgang på vikarar til helse.
- Tap skatteinntekter er 2,2 millionar no, ventar 8,5 millionar i skattetap i 2020.
- Arbeidsløyse på 8 prosent kan gje 8 millionar i sosiale utgifter.
- Dei som er busette hjå Equinor Mongstad er i dag busette i leiren i Alver kommune, medan den leiren som er i Austrheim er sett av til evt. Korona-isolasjon.
- Har utfordringar økonomisk dei kommande fire åra med mange av dei eldste eldre, og må setta over meir midlar til helse framover.
- Har vore i kontakt med butikkane på Mastrevik Torg, og hatt positiv dialog om kva tiltak dei bør ha for å sikra smittevern.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om Korona at det er mange kommunar som i perioden frå 2018 til no har kjempa med kommuneøkonomien, og som med Korona-tiltaka er på veg inn på Robek-lista. Det er mange kommunar som merkar dette, frå kommunar på vår storleik og opp til store byar. Det er viktig at alle spelar inn til sine parti at kommuneøkonomien må styrkast, og Lerøy ventar at både KS og andre vil snakka fram kommunar og fylkeskommunar i denne situasjonen.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug orienterte om oppstarten i skule og barnehage. Gode tilbakemeldingar om at born i skule og barnehage er glade for å vera tilbake, sjølv med enkelte tilpassingar med kohortar, mindre grupper med meir. Alle elevar går alle dagar, med unntak av 8. og 9. klasse på Årås som deler på å gå på skulen kvar sine dagar. 10. klasse Årås er no i lokale lånt på Austrheim vidaregåande.

Har vore utfordring med fulle skulebussar til Kaland, her prioriterer ein no dei yngste elevane, og at dei som kan gå, dei går til skulen. I det vidare er det særleg reinhald som er knappheit, og som gjer at ein framleis ventar med å opna opp for korpsøving og ungdomsklubb. Elevar og vaksne som er sjuke held seg heime.

Barnehagane må ha kohortar inn i sommaren. For opningstider i barnehagane er det elles planen å ha vanleg opningstid frå veke 21, med litt ekstra bemanning. Biblioteket opnar i veke 21, medan kulturskulen må venta til 25. mai, slik at ein er sikker på at areal og reinhald er på plass først.

Barnevern, som også ligg under Fjellhaug, er flytta over til Alver gjeldande frå 1. juni 2020.

Ordfører Per Lerøy sa om revidert nasjonalbudsjett, som vart lagt fram denne veka, at det er venta ein ny pakke i månadsskiftet mai/juni med motkonjunkturtiltak. Både KS og dei nasjonale partia er avventande til ein ser summen av revidert nasjonalbudsjett og den motkonjunkturpakken som kjem i månadsskiftet mai/juni.

Arbeidsløysa i Austrheim er no på 8,1 prosent, det er diverre på topp i Nordhordland. Dette er ein alvorleg situasjon med tanke på sviktande inntekter for privatpersonar og aukande sosialutgifter for kommunane.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er avgjerande at det kjem noko også til kommunane, for å motverka verknaden av Korona. At det denne veka kom nyhende om investeringar i hydrogenfabrikk på Mongstad var særst gladeleg.

Ordfører Per Lerøy orienterte om nemnde planar, om å produsera hydrogen frå vatn i ein ny fabrikk på Mongstad. Equinor er også med i arbeidet, deira innfallsvinkel er produksjon av hydrogen av naturgass, med CO<sub>2</sub>-fangst og deretter CO<sub>2</sub>-lagring. Hydrogen er eit godt alternativ for mellom anna skipsfart, anleggskjøretøy med meir. Lokaliteten er i nærleiken av kai 14 på industriområdet på Mongstad. Her kan ein dra nytte av sterk lokal kompetanse, og kortreist kraft frå Matre og Modalen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) etterlyste at kommunestyra i Austrheim og Alver, gjerne frå heile Fensfjordbassenget, fekk ei grundig orientering om kva som skjer i dette området, for å kunna vera med på å framsnakka denne satsinga. Per Lerøy (Ap) svara at når det no er meir konkrete planar, med investeringsavgjerder som neste punkt, så kan ein til hausten ha eit møte av denne typen. Det er mange prosjekt som er i kjømda i tillegg til hydrogenfabrikk, som produksjon av batteri, protein med meir. Det er naturleg at det vert skipa til eit møte som Dyrkolbotn skisserer, til hausten.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er lagt opp til endringar i ordninga med permitteringar, der denne grensa kan bli forlenga frå dagens 26 veker. Om det skal ligga på 26 veker er det mange som når dette over sommaren, og så kan tilsette raskt bli sagt opp. Viktig for å gje folk ro over sommaren.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om kva kommunar som er hardast råka av Korona, både dei som er slegne saman til større eller dei som er som før. Om dette svara Per Lerøy at det er både samanslegne kommunar og dei som ikkje er slegne saman som har problem, men at dei samanslegne ikkje gjer det betre enn andre.

Ordfører Per Lerøy (Ap) orienterte om planane for markeringa av 17. mai, programmet er distribuert i postkassar og publisert via nettside og på Facebook.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

#### **KS - 049/20 - 14.05.2020 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

#### **050/20: Oppdatering av forskrift - vedtak i samband med Covid-19**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Stenging av sanitæranlegg, for bruk av bubil/camping og båtturisme:

Tidlegare vedtak om stenging vert endra/avgrensa til å gjelda felles kjøkken, samt dusj- og

vaskeanlegg.

Det vert opna for tilgang til toalett med handvask, med den føresetnad at verksemdene sikrar ivaretaking av smittevernhygiene, reinhald og vaskerutinar, helst dokumentert i internt kontrollskjema.

2. Opning for bruk av idrettsanlegg, erstattar tidlegare vedtak om dette gjort av kommunestyret:

Statlege smittevernreglar gjeld, med tillegg av spesifikke rettleiarar for godt smittevern i dei ulike idrettsgreinene.

Organisert idrettsaktivitet må til ei kvar tid drivast som skildra i desse rettleiarane.

#### **14.05.2020 KOMMUNESTYRET**

Rådmann Liv Løvvik orienterte om at dette er ei oppheving av tiltak som kommunestyret har vedteke tidlegare, som stenging av sanitæranlegg. Denne forskrifta vil vera ei erstatning av forskrift som kommunestyret har vedteke tidlegare. No gjeld stenging av fellesareal som kjøkken, dusj, liknande.

Handsaming i kommunestyret  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### **KS - 050/20 - 14.05.2020 - Vedtak:**

1. Stenging av sanitæranlegg, for bruk av bubil/camping og båtturisme:

Tidlegare vedtak om stenging vert endra/avgrensa til å gjelda felles kjøkken, samt dusj- og vaskeanlegg.

Det vert opna for tilgang til toalett med handvask, med den føresetnad at verksemdene sikrar ivaretaking av smittevernhygiene, reinhald og vaskerutinar, helst dokumentert i internt kontrollskjema.

2. Opning for bruk av idrettsanlegg, erstattar tidlegare vedtak om dette gjort av kommunestyret:

Statlege smittevernreglar gjeld, med tillegg av spesifikke rettleiarar for godt smittevern i dei ulike idrettsgreinene.

Organisert idrettsaktivitet må til ei kvar tid drivast som skildra i desse rettleiarane.

---